

Årsmelding for Hilland Velforening, 2018.

Styrets sammensetning

Leder: Iselin Helland Rundhovde
Styremedlem og varamedlemmer: Thomas Wiik,
Revisorer: Espen Ødegaard
Nytt styremedlem:

Mailadresser styremedlemmer:
Iselin: iselinrundhovde@gmail.com
Espen: espen71@yahoo.com
Thomas: thomas@wiik.it

Mailadr til velforeninga: hilland.velforening@gmail.com

Styrets arbeid

Styremøter

Det er avholdt 1 styremøter i 2018.

Spesielle oppgaver

*(Oppgaver som er av betydning og saker som har tatt mye av styrets tid.
Deltagelse på andre organisasjoners møter)*

1. Kva velforeninga skal nytta av økonomiske ressursar på vedlikehald av leikeareal opp mot målsetjinga om pump track.
2. Vidare arbeid med å søke tilskot hos dei ulike aktørane ein finn via tilskuddsportalen.no, og arbeidsfordeling av dette til styremedlemmene.
3. Kva velforeninga skulle setje på dugnadsinnkallinga, logistikk og forarbeid i høve dugnadsarbeid, samt arrangement av sosiale treff for byggefeltet.
4. Referat i høve til møteverksemd, og logistikk i forkant av dugnad og sosiale treff for bebuarane.

Aktivitet

(Her seier ein noko om aktiviteten i foreninga.)

1. Innkalling til årsmøte i Hilland Vel, feb 2018:
 - Behandla årsmelding
 - Behandla rekneskap
 - Behandla innkomne forslag
 - Val av tillitsverv ved ønske om det
 - Vedta budsjett
 - Anna
2. Om velforeninga må fornya dissestativet nytter ein seg av innbetalt støtte frå bebuarar. Den støtta ein har opparbeida seg i form av tildeling frå det offentlige beheldt ein til arbeid kring Pump track slik det går fram av i søknadane. Dette då det kan vera mulighet for at BKK kan kreve at ein tilbakebetaler midler om ikkje noko er utført slik

som nemnt i søknaden. Det er vidare arbeid med Pump track og nytt dissestativ som vert prioritert. Det vert i ulike søknadsordningar i 2018 søkt om midler til nytt dissestativ.

3. Nye søknadsfrister for tilskot er:

- 23.februar: Nasjonalforeningen for folkehelse
- 1.mars: olav Thon Gruppen: Olav Thon Samfunnsnyttige stiftelse
- 15.mars: ekstra stiftelsen: ekstra Express
- 1.april: storebrand: Vi heier på
- 22.april: Sbanken: framgang saman
- Lindås kommune, kulturmidler-aktivitets- og prosjekttilskot; 15.mai med restdeling 1.sept.

➤ Sjå tilskotsportalen for oppdatering og søknadsskjema.

4. Styret einast om innkalling til dugnad i byggefeltet vår og haust 2018, og ansvarsfordeling blant styremedlemma. Dugnad, vår vert enten veke 16 eller 17. styremedlemmer einast om dette når det nærmar seg. Ein veit også meir om ein treng to dugnads dagar den aktuelle helga når plan for endeleg dugnadsarbeid ligg til grunne. Dugnad, haust, einast ein om avslutningvis på dugnad, vår. Om det vert realisert noko vedr planar om pump track må ein leggja til rette for fleire dagar med dugnad i vårhalvåret.

5. På dugnad september 2017, vart ein einig om at ein ville ta vidare sikte på å skaffe midlar til Pump track slik at ein får eit meir samfunnsnyttig området av eit til no overgrodd del på leikearealet. Det må også søke om tilskot til eit nytt dissestativ då dette vart fjerna, sommar 2017. Det er planar for dette området som er tatt fram i tilskotssøknadane som er sendt i 2016 og 2017. Ein vil fortsetje å søke på tilskotsordningar i 2018 for desse planane. Arbeidet med å skaffe ein prisoversikt og kunnskap om kva innkjøp ein må gjere, samt kven som kan bistå med transport er godt i gong.

Vidare tankar for dugnad vår og haust 2018:

- Rydde boss, kviste trær og busker, beise skaterampa, male leikeapparat og benker på leikearealet (gjenstår litt frå i fjor), mure grill på tidlegare grillplass, stramme tau på tauapparat, evt innspel frå bebuarar. Vidare arbeid med pump track og dissestativ om midler strekker til. Bør ein gjere noko med området ved skaterampa? Her danner det seg ein stor dam ved mykje nedbør. Informasjon innhenta frå kommunen vedr løysing her: «Det ligg overvannsrør langs nordsida av grusbana, så det er mogleg å grava grøft og kopla seg på der, viss de vil gjera eit større prosjekt ut av det» (Atle Waage). Kva om å ta kontakt med Lindås kommune, avd Vann og avløp.
- Styremedlemmer må ta kontakt med eigar, Lindås kommune, vedr ønske om nye nett til fotballmåla. Ein må også nytte seg av andre kontakter i nærmiljøet og bedrifter i håp om å få hjelp via tilskot for utbetringar ein ønsker på leikearealet. Her må ein også huske på å informere, og engasjere medlemmer via facebook i håp om at dei også nyttar seg av sine kontakter i å fri om bistand til leikearealet.

6. Facebooksida til Velforeninga hadde eit mål om å kunne nå fleire av innbyggjarane i byggefeltet med ulike informasjon frå Velforeninga. Dette føler styret at ein har oppnådd, og bebuarar nyttar denne sida både til eigen og felles interesse for feltet og informasjonsutveksling. Utifrå oppmøte på dugnader ser ein at ein når dei som er interessert til å stille på dugnad via facebooksida. Styret kjem ikkje til å henge opp oppslag i postkassehusa om dugnad/anna info då me ser me når dei som er interessert via facebook.
Styret ser at der er medlemmer i gruppa som ikkje hører til det geografiske området velforeninga er for. Dette må ein få ei endring på. Styremedlem; Thomas nyttar seg av funksjon på facebook som stiller spørsmål vedr kva adressa til eit nytt medlem er. Dette for å sikre oss det medlemstalet for velforeninga. Ved ei seinare anledning vil ein rydde opp i eksisterande medlemstal og få meldt ut medlemmer som ikkje lenger høyrer til i felta.
7. På årsmøtet i feb 2015 avgjorde styret i Velforeninga å starte oppatt med medlemskontingent til Velforeninga. Velforeninga har då ikkje hatt ute noko medlemskontingent blant bebuarane pga lite engasjement dei siste ti åra. Ved å vise til inntekter frå kontingent vil velforeninga stilla sterkare ved evt søknader om midler. Bebuarane mottok medlemskontingent i felta vår 2015. På årsmøtet 2016 einast ein om at bebuarane treng påminning vedr medlemskontingenten. Det kjem info om medlemskontingenten i mai/juni kvart år, og påminning om medlemskontingent i aug/sept same året. Haust 2016 fekk bebuarane også oppmoding om å nytte seg av Vipps, og dette førte til stor auke i innbetalt medlemskontingent til velforeninga. Dette til gjentakning! Ein såg på årproppgåva, 2017 at velforeninga fell innunder Vipps- bedrift, noko som fører til at ein vert trekt 5 kr pr mottatt beløp.
I 2018 vil styret konkretisera for medlema, via facebook, at det er eit stort sagn, for eit leikeareal, at ein ikkje har tilbod om eit dissestativ. Her håpar ein at medlemmer vil bidra litt meir, eller at ein får fleire innbetalingar slik at ein kan realisere planar om eit dissestativ.
8. All dokumentasjon om drift av Hilland Velforening er samla i Dropbox. Leder har vore i kontakt med Lindås kommune v/Per Ole Ekker. Ved endring av styremedlemmer kan det sendes henvending til han med informasjon om ny mailadresse for endringar som forelegg i velforeninga slik at rette/fleire av styremedlemma får innsikt i Tilskotsportalen. Dette vert gjort etter årsmøtet, feb 2018.
9. Hilland velforening har ei opprette e-post adresse som no vert nytta av styremedlemma.
Mailadr: hilland.velforening@gmail.com.
Det er denne mailadressa som vert registrert på velforeninga hjå kommunen og det er denne me nyttar i høve Tilskotsportalen.
10. Når det gjeld endringar om informasjonen til laget, så er det viktig at dette gjerast i Frivilligregisteret. Endringar kan gjerast her: <https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/slik-registrerer-du-endringer-for-lag-eller-forening/> Dette gjerast rett etter årsmøtet kvart år – og det er fungerande leiar i styret som gjer endringane. Innlogging via MinID. Husk å ha personnummer på alle dei nye i styret, samt å leggje ved årsmelding. Her kan du finne informasjon om kven som sit i styret i lag og org i Frivilligregisteret: <http://w2.brreg.no/frivillighetsregisteret/>